



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# Prop. 24 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2024 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 22. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å auke løyvingane med om lag 865 mill. kroner. Auken har i hovudsak samanheng med høgare utgifter under kap. 117 *EØS-finansieringsordningane* i år.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* blir det gjort framlegg om auka sivil støtte til Ukraina med 1,5 mrd. kroner som ein del av ei styrking av Nansen-programmet på 5 mrd. kroner. Det blir gjort framlegg om auka militær støtte under Forsvarsdepartementet med 3,5 mrd. kroner. Dermed vert Noreg sitt totale bidrag gjennom Nansen-programmet for Ukraina på 27 mrd. kroner i 2024. Med det nye forslaget vil den sivile støtta auke til 10 mrd. kroner, og den militære støtta til 17 mrd. kroner.

Nye overslag tilseier at flyktningutgiftene i Noreg som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir lågare i år enn budsjettet etter revidert nasjonalbudsjett for 2024 (RNB 2024). Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 928,6 mill. kroner som omprioriterast til anna bistand, mellom anna til Palestina, helse, utdanning, fornybar energi og natur.

Styrkinga av Nansen-programmet gjer at bistandsbudsjettet aukar med 1,5 mrd. kroner samanlikna med RNB 2024, til 55,5 mrd. kroner i

2024. Dette utgjer 1,01 pst. av BNI-anslaget lagt til grunn for 2024-budsjettet.

### 2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

#### Kap. 100 Utanriksdepartementet

*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 140, post 01*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten som følgje av eit anslag på verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 21 mill. kroner.

#### *Post 90 Lån til norske borgarar i utlandet*

Utanriksdepartementet har i handsaminga av den pågåande krisa i Midtausten gjeve lån til eit større antal norske borgarar i 2023. Ein stor del av desse låna vart belasta 2024-budsjettet. Krisa i Midtausten held fram med å vera svært stor i omfang, og arbeidet med å få norske borgarar ut av krigen og heim til Noreg har hatt og vil, ved ei eventuell ny eskalering, ha høg prioritet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner.

**Kap. 3100 Utanriksdepartementet***Post 02 Gebyr for utlendingssakar ved utanriksstasjonane*

Endringa skuldast i hovudsak ei auke i EU sitt søknadsgebyr for Schengen-visum. Frå 11. juni 2024 auka gebyret frå 80 til 90 euro for ordinære søknader om Schengen-visum. Samstundes har det berekna talet på søknader om opphaldsløyve for i år auka noko.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 13 mill. kroner.

*Post 90 Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet*

Utanriksdepartementet har i samband med hand-saminga av den pågåande krisa i Midtausten gjeve lån til eit større antal norske borgarar enn i eit normalår, jf. omtale under kap. 100, post 90. Låna vil verte tilbakebetalt over fleire år. Gitt den usikre tryggingssituasjonen i Midtausten er det vanskeleg å føresjå antalet søknader om naudlån.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1,8 mill. kroner.

**Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet***Post 01 Driftsutgifter*

Den offisielle reiseaktiviteten til kongefamilien har vore lågare enn forventa i 2024. Sjølv om det blir gjennomført fleire besøk for kongefamilien i haust, går det mot eit mindreforbruk på posten.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

**Kap. 116 Internasjonale organisasjonar***Post 70 Pliktige bidrag*

Det er eit mindrebehov på posten på 37,4 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at utbetalingane til FNs fredsbevarande operasjonar blir 26,5 mill. kroner lågare enn tidlegare lagt til grunn, mellom anna fordi FN sin operasjon i Mali er avslutta. I tillegg er pliktige bidrag til EFTA-sekretariatet noko lågare enn budsjettert som følgje av gunstigare valutakurs.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 37,4 mill. kroner.

**Kap. 117 EØS-finansieringsordningane***Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast**Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast*

Det er gjort fleire tiltak dei siste åra for å sikra at mottakarlanda fullfører og avsluttar prosjekta i tråd med dei mål og resultat som er avtalt i programavtalane. Fleire land har hatt stor framgang i program og prosjekt i dei siste to åra etter fleire forseinkingar grunna auka inflasjon og konsekvensar av krigen i Ukraina som mellom anna har ført til auka byggje- og forsyningskostnader. Auken er innafør den samla avtalte ramma for EØS-finansieringsordningane.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 378 mill. kroner på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* og 505 mill. kroner på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021*.

**Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar***Post 74 Forsking, dialog og menneskerettar m.m.*

NORDEM, som utdannar og sekonderer observatørar til val, har eit mindrebehov for 2024. Dette er grunna at det i år ikkje blei noko av valobservasjonane i Tyrkia og Romania som følgje av manglande invitasjon. Det vart heller ikkje sende observatørar til EU-valet eller valet i Bulgaria. Hittil i år har Nordem mellom anna gitt støtte til ti langtidsvalobservatørar til valet i USA.

Det blir gjort framlegg om å omdisponere mindrebehovet på 1,35 mill. kroner til eit frivillig bidrag for å støtte Venezia-kommisjonen. Venezia-kommisjonen er eit organ under Europarådet som gir juridisk assistanse og rådgjeving i utforming av grunnlover, andre sentrale lover, vallover og -system, samt reform av justissektoren i det ein-skilde medlemsland. Rådgjevinga gjer medlemslanda betre i stand til å ivareta sine forpliktingar relatert til rettsstat og menneskerettar. Totalt 61 land er medlem – dette inkluderer også land utanfor Europarådet.

### 3 Programområde 03 Internasjonal bistand

---

#### Kap. 140 Utanriksdepartementet

*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 100, post 01*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten som følgje av et anslag på verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 17,2 mill. kroner

#### Kap. 141 Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad)

*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga på posten som følgje av et anslag på verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 7,1 mill. kroner

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Ansvar for evaluering av norsk bistand skal flyttast frå Norad til Norec med verknad frå 1. januar 2025. Norad har eit mindreforbruk på posten som følgje av redusert aktivitet i ei periode med omstilling og førebuing av flytting til Norec.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på kap. 144 *Norsk senter for utviklingssamarbeid* (Norec), post 1 *Driftsutgifter*.

#### Kap. 144 Norsk senter for utviklingssamarbeid (Norec)

*Post 1 Driftsutgifter*

Ansvar for evaluering av norsk bistand skal flyttast frå Norad til Norec med verknad frå 1. januar 2025. Norec har i 2024 hatt meirkostnader på 1 mill. kroner i lønn til nye medarbeidarar og 1,6 mill. kroner til å førebu drift for den nye evalueringsavdelinga (rekrutteringskostnader, IKT-utstyr og -løyver m.m.). Sjå òg omtale under kap. 141, post 21.

I tillegg blir det gjort framlegg om å auke løyvinga på posten som følgje av et anslag på verknad av lønnsoppgjeret for 2024. Sjå nærmare omtale i

nysalderingsproposisjonen frå Finansdepartementet.

Til saman blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med om lag 3,6 mill. kroner.

#### Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

*Post 71 Globale sikkerheitsspørsmål og nedrusting, kan overførast*

Som ledd i å styrkje evna i utviklingsland til å fylgje dei internasjonale påboda for nedrusting og ta del i relevante internasjonale fora, gjerast det framlegg om å auke støtta gjennom ei avtale med FN-kontoret for nedrustingssaker (UNODA). Støtta går til innsats gjennom eininga for støtte til implementering av konvensjonen om forbod mot biologiske våpen og toksinvåpen. Støtta vil bidra til å heve kompetanse for fredelig bruk av biologisk vitskap i utviklingsland.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

*Post 73 FN og globale utfordringar, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å styrkje fondet for stadlege koordinatorar i FN (Resident Coordinator – RC-fondet). Fondet er viktig for å følgja opp FN's generalsekretær sitt initiativ til FN-reform for å nå berekraftsmåla og gjera det multilaterale systemet meir inkluderande, representativt og effektivt. Det vellykka Framtidstoppmøtet under høgnivåveka av FN si generalforsamling i september 2024 stadfesta brei tverregional støtte til multilateralt samarbeid fokusert på reform, tilgang til finansiering og ein meir heilskapleg innsats for å oppnå berekraftsmåla. FN's generalsekretær understrekar betydninga av RC-fondet for å styrkje FN si innsats på landnivå.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

*Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast*

Det er enkelte endringar i kontingentutgiftene for 2024, i hovudsak grunna endra valutakurs. Dette gjeld mellom anna utgifter for FN sine fredsbevarande operasjonar, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE), Verdas helseorganisasjon (WHO), FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) og FN sitt miljøprogram (UNEP).

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 13,5 mill. kroner.

### **Kap. 153 Flyktningar, fordrivne og vertssamfunn**

#### *Post 72 Berekraftige løysingar og vertssamfunn*

Det blir gjort framlegg om å auke Noreg si støtte til berekraftige løysingar for lokalbefolkning, flyktningar og fordrivne i Libanon og Syria. Situasjonen for desse gruppene er forverra som følgje av krigføringa i Libanon. Framlegget inneber også å auke programstøtte til FNs organisasjon for palestinske flyktningar (UNRWA). I revidert nasjonalbudsjett for 2024 auka Noreg støtta til organisasjonen sin humanitære innsats i Gaza og Libanon. UNRWA er pressa både politisk og økonomisk, difor gjer regjeringa framlegg om å auke programstøtta. Denne kan nyttas til å støtte opp under organisasjonens arbeid for palestinarrar i heile regionen. Ein mindre del av auken vil bli nytta til andre flyktningkriser, mellom anna knytta til Sudan og rohyingaene sin situasjon.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 85 mill. kroner.

### **Kap. 159 Regionløyvingar**

#### *Post 70 Midtausten, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga grunna situasjonen i Palestina. Auken vil mellom anna gå til budsjettstøtte til palestinske myndigheter for å støtte opp om grunnlaget for ein levedyktig palestinsk stat. Myndighetene har fleire månaders etterslep på utbetaling av løn. Auken gjer det mogleg å betale løn til mellom anna lærarar og helsepersonell. Den norske støtta vil òg gå til styrking av helsesektoren og naudsynt helsemateriell, mellom anna medisinar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 102 mill. kroner.

#### *Post 72 Afghanistan, kan overførast*

Ei vidare forverring av den humanitære situasjonen og menneskerettane til det afghanske folket held fram å ha konsekvensar nasjonalt og regionalt, so vel som globalt. Det gjeld òg moglege fare for spreining av terror og auka migrasjon. For ei kritisk tid under vinteren vil det gje eit viktig signal og lindre lidning å gje meir støtte til internasjonale organisasjonar og fond som støtter matsikkerheit og helsetenester i Afghanistan.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 50 mill. kroner.

#### *Post 73 Ukraina og naboland, kan overførast*

##### *Styrking av Nansen-programmet*

Regjeringa gjer framlegg om å auke støtta til Ukraina med 5 mrd. kroner i 2024 fordelt med 1,5 mrd. kroner til sivil støtte og 3,5 mrd. kroner til militær støtte. Dermed vert Noreg sitt totale bidrag gjennom Nansen-programmet for Ukraina på 27 mrd. kroner i 2024. Med det nye forslaget vil den sivile støtta auke til 10 mrd. kroner, og den militære støtta til 17 mrd. kroner.

Energiforsyninga i Ukraina er hardt ramma av Russlands angrep og folket står framfor ein ny hard vinter. Auken skal nyttast til å sikre kraftforsyninga i Ukraina og utbetre stabiliteten i straumnettet. Auka humanitær bistand vil redusere dei menneskelege lidningane.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 1 500 mill. kroner.

##### *Norfunds investeringar i Ukraina*

Det blir òg gjort framlegg om å flytte 250 mill. kroner frå denne posten til to nye postar under kap. 162 *Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi*, post 77 *Norfund – Ukraina risikokapital* og post 97 *Norfund – Ukraina kapitalinnskot*, slik at Norfund kan gjere investeringar i Ukraina som ein del av Nansen-programmet. Sjå meir omtale under kap. 162, post 77 og 97.

#### *Post 75 Afrika, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om auka støtte til matsikkerheit i Sudan gjennom å styrke landbruk og matsystem i samarbeid med lokale bønder og lokalbefolkning. Kanalar som FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO), FNs humanitære landfond og sivile samfunnsorganisasjonar har både kapasitet og absorberingsevne til å levera på dette oppdraget. Desse samarbeider med lokale partnarar inne i Sudan, og norsk støtte kan samstundes bidra til å styrke kapasiteten til aktørar i Sudan.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 80 mill. kroner.

#### *Post 76 Asia, kan overførast*

Den kritiske konfliktsituasjonen i Myanmar er forsterka gjennom året og er ytterlegare forverra grunna flaum.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 12 mill. kroner til matsikkerheit og helse.

#### *Post 77 Latin-Amerika og Karibia, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å auke støtta til Haiti og Colombia. Haiti er eitt av verdas fattigaste land og støtta vil brukast til å redusere svolt. I Colombia vil midlane bidra til varige fredsløysingar, samt tiltak for å trygge og fremme menneskerettar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 11,7 mill. kroner.

### **Kap. 160 Helse**

#### *Post 70 Helse, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å auke støtta til helse. Auken vil gjere det mogleg å oppretthalde planlagde betalningar til programma på posten. Det vil skape ein meir pårekeleg budsjettssituasjon i 2025, jf. omtalen i Utanriksdepartementets budsjettproposisjon for 2025.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

### **Kap. 161 Utdanning, forskning og offentlege institusjonar**

#### *Post 50 Noregs forskingsråd – utviklingsområdet*

På grunn av forseinkingar i etableringa av nytt Senter for internasjonal økonomi blir midlar avsette til dette formålet ikkje utbetalte i 2024. Løyvinga kan dermed omdisponerast til annan bistand.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 7,5 mill. kroner.

#### *Post 70 Utdanning, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å auke støtta til utdanning. Auken vil gjere det mogleg å oppretthalde planlagde betalningar til programma på posten, mellom anna innanfor jenters utdanning og utdanning i kriser og konflikt.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

#### *Post 73 Styresett og offentlege institusjonar, kan overførast*

Det blir gjort framlegg om å auke finansieringa av tiltak innanfor programma Anti-korrupsjon og godt styresett, Digitalisering for utvikling og Skatt

for utvikling. Den auka løyvinga vil gjere det mogleg å oppretthalde planlagde aktivitetar i programma, samstundes som partnerar får eit ekstra løft for sine bidrag fram mot den fjerde Finansiering for utvikling-konferansen i 2025. Tiltaka er viktige for å bidra til å styrkje integritet i offentleg forvaltning, mobilisere nasjonale ressursar for berekraftig utvikling og redusere ulikskap.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 39 mill. kroner.

### **Kap. 162 Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi**

#### *Post 70 Berekraftig jobbskaping, næringsutvikling og handel, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvinga på posten. Auken vil bidra til å vidareføra strategiske partnerskap med næringslivet, inkl. ei fornya rammeavtale med NHO, og bidra til å betre rammevilkåra for næringsutvikling samt å auke kapitalmobiliseringa frå privat sektor. Løyvinga vil gjere det mogleg å oppretthalde planlagde aktivitetar i år og skape ein meir pårekeleg budsjettssituasjon neste år.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 40 mill. kroner.

#### *Post 71 Matsikkerheit, fisk og landbruk, kan overførast*

Organisasjonen Crop Trust er ein del av finansieringsstrategien for Den internasjonale traktaten om plantegenetiske ressursar for mat og landbruk. Noreg er ein pådrivar for å vareta biologisk mangfald innanfor matsikkerheit. Regjeringa gjer framlegg om auka støtte til Crop Trust sitt fond til sikring av internasjonal diversitet av frø. Eit auka norsk bidrag til fondet kan føre til at fleire givarland kjem inn.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 25,9 mill. kroner.

#### *Post 72 Fornybar energi, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å auke støtta til fornybar energi. Auken vil bidra til langsiktige satsingar for eksisterande avtalar retta mot økt tilgang til moderne energi i Afrika sør for Sahara. Tiltak retta mot kommersielle løysingar som kan bidra til å utløyse investeringar i regi av privat sektor vil vere særleg aktuelle.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

*Post 77 Norfund – Ukraina risikokapital*

Det blir gjort framlegg om å flytte 125 mill. kroner frå kap. 159 *Regionløyvingar*, post 73 *Ukraina og naboland*, til denne posten. Løyvinga skal dekke risikokapital for Norfund sitt nye Ukraina-fond som utgjer 50 pst. av total kapitaltilførsel til fondet. For mål for og bruk av løyvinga, sjå omtale under post 97 *Norfund – Ukraina kapitalinnskot*.

Det blir gjort framlegg om å løyve 125 mill. kroner på posten.

*Post 97 Norfund – Ukraina kapitalinnskot*

Det blir gjort framlegg om å flytte 125 mill. kroner frå kap. 159 *Regionløyvingar*, post 73 *Ukraina og naboland*, til denne posten. Løyvinga dekker tilførsel av ny investeringskapital til eit nytt Ukraina-fond som blir oppretta i 2024 og forvalta av Statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (Norfund). Norfund er Noregs viktigaste instrument for å investere i verksemdar som bidrar til jobbskaping og fattigdomsreduksjon i utviklingsland. Norfund har til no hatt to mandat, utviklingsmandatet og forvaltninga av Klimainvesteringsfondet.

Russland sin angrepskrig mot Ukraina held fram og har ført til enorme materielle skader på bustader, skular, vegar og energiinfrastruktur. Ukraina treng derfor investeringar for å byggje opp att det russiske angrep har øydelagt, og for å byggje opp samfunnet i eit fritt og sjølvstendig Ukraina.

Løyvinga skal bidra til å nå følgende mål:

- Det er skapt berekraftig næringsverksemd i Ukraina.
- Det er skapt jobbar i Ukraina.

Norfund sine investeringar i Ukraina vil vera langsiktige og vil basere seg på Norfundloven og eigen instruks for dette investeringsmandatet. Ukraina-fondet skal medverke til utvikling av berekraftig næringsverksemd og jobbskaping i Ukraina. Fondet skal bidra til investeringar som elles ikkje ville blitt gjennomført som følge av den høge risikoen i Ukraina. Fondet skal nytte verkemiddel som eigenkapital, lån og garantiar for å nå dette målet. Fondet vil utnytte den investerings- og marknadskompetansen som Norfund har opparbeidd seg over tid, og vil ved behov auke kompetansen på dette investeringsområdet. Fondet vil investere med utgangspunkt i dagens forretningsområde: Fornybar energi, finansiell inkludering, vekstkraftige verksemdar, slik som investeringar i verdikjeda for landbruk og grøn infrastruktur. Sjå

og omtale under kap. 159 *Regionløyvingar*, post 73 *Ukraina og naboland*.

Det blir gjort framlegg om å løyve 125 mill. kroner på posten.

**Kap. 163 Klima, miljø og hav***Post 70 Miljø og klima, kan overførast*

Regjeringa gjer framlegg om å støtte Det globale naturfondet (Global Biodiversity Framework Fund) under Den globale miljøfasiliteten (Global Environment Facility) som vart oppretta i etterkant av det 15. partsmøtet i naturmangfaldskonvensjonen i 2022, der Naturavtalen vart vedteken. Det globale naturfondet vart oppretta for å bidra til at utviklingsland kan medverke til å gjennomføre Naturavtalen og støttar prosjekt som bevarar og gjenopprettar verdas biologiske mangfald. Støtte til fondet er særskilt viktig både som eit bidrag til å støtte opp om gjennomføringa av Naturavtalen i utviklingslanda, og som eit politisk signal til utviklingsland om at Noreg står ved sine forpliktingar frå det 15. partsmøtet i naturmangfaldskonvensjonen, der det vart einstemmig vedteke å auke finansieringa til natur.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

**Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette***Overgang frå gjeldsbrev til kontantbidrag i IDA, Afrikafondet og Asiafondet*

Norske gåvebidrag til givarlandspåfyllingar i kjernefonda for dei fattigste landa i Verdsbanken (IDA), Afrikabanken (Afrikafondet) og Asiabanken (Asiafondet) vert løyva gjennom gjeldsbrev (*promissory notes*). Det vert skriva ut eitt gjeldsbrev kvart år i dei fleirårige påfyllingsperiodane. Dei nemnde tre multilaterale utviklingsbankane trekk suksessivt på desse gjeldsbrev over ni, ti og elleve år.

Gjeldsbrevordninga er forvaltningsmessig og administrativt krevjande. Utviklingsbankane føretrekk at givarland går over til kontantbidrag, slik som med nesten all anna norsk bistand. Mange givarland har avvikla sine gjeldsbrevordningar, for heller å bidra gjennom årlege kontantinnbetalingar. Dette inneber ei vesentleg forenkling. I IDA brukar no 38 av dei 57 givarlanda kontantbidrag.

Ved overgang til kontantinnbetalingar vil utviklingsbankane få raskare tilgang på givar-

bidraga. Dette aukar realverdien av desse. Som godtgjering får givarland to opsjonar. Ein kan få godskrive eit påslag, ut over forplikta og innbetalt beløp. Dette gjev auka givarandel i fonda og auka stemmerett. Alternativt kan givarlanda få ein rabatt, utan tap av stemmevekt. Bruk av godtgjering eller rabatt vert nedfelt i dei juridisk bindande avtalane med bankane. Rabatt trekkast frå ved utbetalingstidspunktet.

Regjeringa vil frå 2025 innføre overgang frå gjeldsbrev til kontantbidrag, med raskast mogleg avviking av gjeldsbrevordninga. Dette vil fyrst gjelde givarlandspåfyllinga i Asiafondet (ADF14), for perioden 2025–2028, dernest påfyllingane i IDA (IDA21) og Afrikafondet (AfDF17), begge for perioden 2026–2028. Til ADF14 har Noreg gitt tilsegn, jf. omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet. Overgang frå gjeldsbrev til kontantbidrag vil bli avtalt med Asiabanken, før avtaleinngåing våren 2025.

Ved overgang frå gjeldsbrev til kontantbidrag kan aktive gjeldsbrev anten verte trekte ned til null over den avtala trekkperioden, eller trekkast heilt ned gjennom ein eingongsoperasjon. Regjeringa ynskjer å unngå overgangsperiodar med parallelle innbetalingsformer og vil difor trekke ned aktive gjeldsbrev i sin heilskap gjennom eingongsoperasjonar i 2025. Ved slike operasjonar ventast òg ein rabatt, som attendeførast til Noreg. Regjeringa vil komme attende til Stortinget om den budsjettekniske handsaminga av slike rabattar i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Norsk oppfylging av bankane sin bruk av fondsmidlar vil fylgje etablerte system, òg etter ei slik omlegging. Desse er basert på rapporteringskrav for kvart enkelt fond som det er multilateral semje om.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Kap. 179 Flyktningsiltak i Noreg

### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nye overslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Kunnskapsdepartementet tilseier at flyktningsutgiftene i Noreg under desse departementa som kan godkjennast som internasjonal bistand (ODA) blir lågare i år enn budsjettert etter revidert nasjonalbudsjett for 2024 (RNB 2024).

Løyvinga i RNB 2024 var basert på eit planleggingstal på 34 000 flyktningar og asylsøklarar til Noreg i 2024, inkludert 29 000 frå Ukraina under ordninga om midlertidig kollektiv beskyttelse. Utlendingsdirektoratets planleggingstal er no redusert til at det vil kome 22 000 til Noreg i år, der 18 000 kjem inn under ordninga for midlertidig kollektiv beskyttelse. Det blir i denne samanhengen vist til nærmare omtale i dei respektive departementa sine budsjettproposisjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på posten med 928,6 mill. kroner som omprioriterast til anna bistand.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Utanriksdepartementet.

## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Utanriksdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgjande endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 140, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 2 834 270 000 til kr 2 855 248 000	20 978 000
	90	Lån til norske borgarar i utlandet, blir auka med ..... frå kr 450 000 til kr 2 350 000	1 900 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 8 255 000 til kr 5 255 000	3 000 000
116		Internasjonale organisasjonar:	
	70	Pliktige bidrag, blir redusert med ..... frå kr 1 535 040 000 til kr 1 497 640 000	37 400 000
117		EØS-finansieringsordningane:	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 206 500 000 til kr 1 584 500 000	378 000 000
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 513 000 000 til kr 2 018 000 000	505 000 000
140		Utanriksdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 100, post 01</i> , blir auka med ..... frå kr 1 961 595 000 til kr 1 978 808 000	17 213 000
141		Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad):	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 387 226 000 til kr 394 276 000	7 050 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 40 925 000 til kr 38 325 000	2 600 000



Kap.	Post	Formål	Kroner
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec):	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 59 434 000 til kr 62 997 000	3 563 000
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid:	
	71	Globale sikkerheitsspørsmål og nedrusting, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 138 860 000 til kr 142 860 000	4 000 000
	73	FN og globale utfordringar, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 248 138 000 til kr 298 138 000	50 000 000
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 403 050 000 til kr 389 562 000	13 488 000
153		Flyktningar, fordrivne og vertssamfunn:	
	72	Berekraftige løysingar og vertssamfunn, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 634 504 000 til kr 719 504 000	85 000 000
159		Regionløyvingar:	
	70	Midtausten, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 519 311 000 til kr 621 311 000	102 000 000
	72	Afghanistan, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 351 241 000 til kr 401 241 000	50 000 000
	73	Ukraina og naboland, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 8 448 200 000 til kr 9 698 200 000	1 250 000 000
	75	Afrika, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 2 437 022 000 til kr 2 517 022 000	80 000 000
	76	Asia, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 476 503 000 til kr 488 503 000	12 000 000
	77	Latin-Amerika og Karibia, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 176 432 000 til kr 188 132 000	11 700 000
160		Helse:	
	70	Helse, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 3 595 797 000 til kr 3 695 797 000	100 000 000
161		Utdanning, forskning og offentlege institusjonar:	
	50	Noregs forskingsråd – utviklingsområdet, blir redusert med ..... frå kr 199 650 000 til kr 192 150 000	7 500 000
	70	Utdanning, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 921 798 000 til kr 1 021 798 000	100 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Styresett og offentlege institusjonar, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 487 423 000 til kr 526 423 000	39 000 000
162		Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi:	
	70	Berekraftig jobbskaping, næringsutvikling og handel, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 189 536 000 til kr 229 536 000	40 000 000
	71	Matsikkerheit, fisk og landbruk, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 797 966 000 til kr 1 823 849 000	25 883 000
	72	Fornybar energi, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 644 358 000 til kr 744 358 000	100 000 000
(NY)	77	Norfund – Ukraina risikokapital, blir løyvd med .....	125 000 000
(NY)	97	Norfund – Ukraina kapitalinnskot, blir løyvd med .....	125 000 000
163		Klima, miljø og hav:	
	70	Miljø og klima, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 1 630 571 000 til kr 1 780 571 000	150 000 000
179		Flyktningtiltak i Noreg:	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 4 940 842 000 til kr 4 012 247 000	928 595 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet:	
	02	Gebyr for utlendingssakar ved utanriksstasjonane, blir auka med ..... frå kr 223 366 000 til kr 236 366 000	13 000 000
	90	Tilbakebetaling av naudlån frå utlandet, blir auka med ..... frå kr 450 000 til kr 2 250 000	1 800 000



